TINN KOMMUNE
Rådmann

Buskerud fylkeskommune
v/ Hilde Reine
Postboks 3563
3007 DRAMMEN

Deres ref:	Vår ref	Saksbeh:	Arkivkode:	Dato:
	2010/4274-14	Liv Rigmor Flå, tlf. 350 82 527/ 95 92 46 02	143	20.05.2011

Høyringsuttale frå Aust-Telemark vassområde på forslag til planprogram for Vest -Viken vassregion

Kommunane Tinn, Notodden og Vinje deltek i prosjektarbeidet i Aust-Telemark vassområde og har handsama forslag til planprogram for forvaltningsplan for Vest-Viken vassregion. I Tinn kommune vart planprogrammet handsama i samfunnsutvalet 02.02.11 (sak 2/11) og i Notodden kommune i teknisk utvalg 18.05.11 (sak 24/11). I Vinje kommune er saka administrativt handsama.

Styringsgruppa for Aust-Telemark vassområde har i møte den 20.05.11 i sak 01.04 samanstilt høyringskommentarane frå kommunane til ein felles uttale frå vassområdet på forslaget til planprogram for Vest-Viken vassregion. Følgjande uttale vart einstemmig vedteken:

- Det bør presiserast betre i planprogrammet kva krav dei ulike sektorane har til å bidra i planarbeidet, fagleg og økonomisk (kap.3.3).

- For å skaffe eit tilfredstillande fagleg grunnlag for gjennomføringa av vassforskrifta, er det naudsynt med nok faglege og økonomiske ressursar til karakteriseringsarbeidet i prosjektet.

- Planprogrammet bør informere betre om ”sterkt modifiserte vassdrag”(SMVF), d.v.s. kort om kriteriar for SMVF, utpeiking av kandidatar til SMVF, og endeleg utpeiking til SMVF, og elles vise til karakteriseringsrettleiaren på dette temaet (kap.6).

Med helsing

Liv Rigmor Flå
prosjektleiar i Aust-Telemark vassområde

Kopi til: Fylkeskommunen i Telemark, v/ Ingrid Strande